



Villanger & Sønner AS
Knarvik
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6799 - 14/28083

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2014

Søknad om løyve til tiltak - trong for tilleggsdokumentasjon - bustad på gbnr 134/447.

Kommunen viser til søknad om løyve til tiltak på gbnr 134/447 mottatt 08.10.2014 og telefonsamtalar om saka. Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding i saka.

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknader:

Tiltakshavar:

Tiltakshavar har i skriv mottatt 24.11.2014, gitt melding om at han ikkje lenger står som tiltakshavar for prosjektet. Vi forstår at føretaket Villanger & Sønner As no skal stå som tiltakshavar. Vi ber om at dette vert stadfesta før vi handsamar søknaden.

Plassering av framtidig garasje

Plasseringa av framtidig garasje er i strid med plan når det gjeld arealføremål og byggjegranser. I tillegg er garasjen plassert på anna privat eigedom. Ei framtidig plassering av garasjen slik situasjonsplanen viser vil krevja dispensasjon eller reguleringsendring, søknad om arealoverføring og avtale om kjøp av arealet. Kommunen har mottatt merknader frå naboar på gbnr 134/446 og gbnr 134/450. Merknadane som gjeld plassering av garasje, følgjer vedlagt. Administrasjonen er etter ei førebels vurdering negativ til omsøkte plassering av garasje. Det bør sendast inn revidert situasjonsplan som viser framtidig plassering av garasje som er i samsvar med plan og som kan godkjennast. Endeleg plassering av garasjen vert å avklara i eiga byggesak.

Tilkomstveg.

Tomta skal ha tilkomst via veg 10. Vegen er ikkje etablert. Kommunen kan ikkje gje løyve til oppføring av tiltak på gbnr 134/447 i eitt-trinn før vegen er etablert. Dersom det er ønskeleg kan vi handsama søknaden i to trinn.

Situasjonsplan og teikningar

Situasjonsplanen må syna dei omsøkte tiltaka i høve til gjeldande bebyggelsesplan og at tiltaket ligg på eigen grunn. Når det gjeld omsøkte etablering av mur mot regulert tursti må det gå fram av dokumentasjonen at tursti lar seg etablere i samsvar med plan.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det må sendast inn fasadeteikning som viser utforming av mur mot sjø. Det må gå fram av teikninga kva type mur det vert søkt om. Muren bør etablerast i naturstein.

Det må sendast inn lengdeprofil, og tverrprofil der naudsynt, for alle omsøkte murar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.02.2015. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle
Einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedk snuhammer
134447 Nabovarsel

Gjert Holtan og Hilde Midthaug

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS

Knarvik

5914

ISDALSTØ